



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgave

BACH301-OBE-2024-VÅR-FLOWassig

### Predefinert informasjon

**Startdato:** 09-05-2024 09:00 CEST  
**Sluttdato:** 23-05-2024 14:00 CEST  
**Eksamensform:** Bacheloroppgave - Bergen  
**Termin:** 2024 VÅR  
**Vurderingsform:** Norsk 6-trinns skala (A-F)  
**Flowkode:** 203 BACH301 1 OBE 2024 VÅR  
**Intern sensor:** (Anonymisert)

### Deltaker

Kandidatnr.:

319

### Informasjon fra deltaker

Antall ord \*:

10544

Egenerklæring \*:

Ja

Jeg bekrefter at jeg har registrert oppgavettelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på utnemålet mitt \*:  
Ja

### Gruppe

**Gruppenavn:** (Anonymisert)  
**Gruppenummer:** 70  
**Andre medlemmer i gruppen:** 288, 245

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved universitetet?

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller annen organisasjon?

Nei



# BACHELOROPPGÅVE

Vi klaskar på ein annan måte i Noreg

We smack in a different way in Norway

Bachelor barnehagelærar

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Kandidatnummer: 245, 288 & 319

22.05.2024

Rettleiar: Ida Lervik Midtbø

Vi bekreftar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kildehenvisninga til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1*.

## Forord

Denne oppgåva er skrive med bakgrunn i at vi sjølv har vore på utveksling. Vi håper å kunne inspirere andre studentar, uavhengig av studieretning, til å ta del i internasjonalisering.

Prosessen har vore ei spennande og lærerik reise, som vi ikkje hadde vore forutan. Det som gjerne skil vår bachelor oppgåve frå anna forskingar angåande temaet internasjonalisering, er at det kjem frå studentar sitt perspektiv. Vår utveksling har bidrege til at vi enklare kunne gå i djupna på andre studentar sine erfaringar.

Vi takkar HVL for mogelegheita til utvekslinga gjennom valfaget *Kulturforståing og Interkulturell Pedagogikk*. Eit kortare opphold på ein månad, var ein avgjerande faktor som gjorde at fleire studentar kunne reise på utveksling. Vi håper likevel at HVL vil lese oppgåva vår, og revurdere nedlegginga av utdjupingsfaget KIP.

Vidare ynskjer vi å takke rettleiaren vår Ida Lervik Midtbø, for å ha utfordra oss til akkurat denne problemstillinga. Vi vil også takka for verdifull rettleiing, støtte og konstruktive tilbakemeldingar gjennom heile prosessen. Din innsikt og ekspertise har vore uerstatteleg for å ferdigstille dette arbeidet.

Vidare ynskjer vi å takke familiane våre som oppfordra oss til å ta del i eit internasjonaliseringsprogram. Og ikkje minst lærarane frå HVL som gjorde turen til noko me seint vil gløyme.

## Abstract

This study explores the impact of international exchange programs on the professional and personal development of early childhood education students in Norway. Through qualitative interviews, the research investigates how exposure to diverse cultural contexts and pedagogical practices during exchange programs enhances students' cultural competence and diversity awareness. The findings reveal that such programs offer unique opportunities for students to challenge their preconceptions, gain new perspectives, and acquire skills that are crucial for their future roles as preschool teachers.

The study categorizes the results into four main areas: cultural competence and diversity, professional growth through exchange, personal growth through exchange, and the application of knowledge in practice. Students reported significant professional growth, including a deeper understanding of intercultural pedagogy and an expanded view of children's play and learning. Personal growth was evident as students developed greater patience, respect, and openness to different behaviors and viewpoints, which they could apply in their daily pedagogical practice.

Moreover, the study highlights the importance of implementing the acquired knowledge and experiences from exchange programs into the students' current practice. This implementation varied among individuals but generally included a more culturally sensitive approach to pedagogy and a commitment to creating inclusive learning environments for children from diverse backgrounds.

# Innhaldfortegnelse

<b>Forord .....</b>	<b>2</b>
<b>Abstract.....</b>	<b>3</b>
<b>1.0 Innleiing .....</b>	<b>6</b>
<i>1.1 Val av tema og problemstilling .....</i>	<i>6</i>
<i>1.2 Disposisjon av oppgåva .....</i>	<i>7</i>
<b>2.0 Teoretisk forankring.....</b>	<b>8</b>
<i>2.1 Politiske føringar.....</i>	<i>8</i>
<i>2.3 Danning.....</i>	<i>10</i>
<i>2.4 Erfaringslæring .....</i>	<i>11</i>
<i>2.5 Kulturrelativisme.....</i>	<i>13</i>
<i>2.6 Kulturell brubyggjar .....</i>	<i>14</i>
<b>3.0 Metode.....</b>	<b>15</b>
<i>3.1 Val av metode.....</i>	<i>15</i>
<i>3.2 Val av informantar .....</i>	<i>16</i>
<i>3.3 Datainnsamling .....</i>	<i>16</i>
<i>3.4 Bearbeiding og analyse av data .....</i>	<i>16</i>
<i>3.5 Etiske omsyn.....</i>	<i>17</i>
<i>3.6 Refleksjon over metodens avgrensinger.....</i>	<i>17</i>
<i>3.7 Reliabilitet og validitet.....</i>	<i>18</i>
<b>4.0 Funn .....</b>	<b>18</b>
<i>4.1 Kulturell kompetanse og mangfold .....</i>	<i>18</i>
<i>4.3. Personleg vekst gjennom utveksling.....</i>	<i>20</i>
<i>4.4 Overføring av kunnskap til praksis .....</i>	<i>21</i>
<b>5.0 Drøfting av funn.....</b>	<b>22</b>
<i>5.1. Korleis internasjonalisering aukar kulturell kompetanse og kunnskap om mangfold ..</i>	<i>22</i>
<i>5.1.1 Auka kulturell kompetanse gjennom politikk og erfaringslæring .....</i>	<i>22</i>
<i>5.1.2 Kulturell brubyggjar .....</i>	<i>24</i>
<i>5.1.3 Kulturrelativisme og kulturell sensitivitet .....</i>	<i>24</i>

<i>5.2 Korleis kan utveksling gir fagleg vekst .....</i>	25
5.2.1 Internasjonalisering med kvalitet.....	26
5.2.2 Kultursensitivitet .....	26
5.2.3 Kulturell brubygger .....	27
5.2.4 Danning .....	27
<i>5.3. Korleis utveksling gir personleg vekst .....</i>	28
5.3.1 Erfaringslæringen sin plass i den personlege veksten .....	28
5.3.2 Kulturrelativisme .....	29
5.3.3 Profesjonsutøving .....	30
<i>5.4. Erfaring og implementert kunnskap gjennom utveksling.....</i>	31
5.4.1 Erfaringslæringsteori .....	31
5.4.2 Kulturell brubygger .....	31
5.4.3 Profesjonsdanning .....	31
<b>6.0 Konklusjon .....</b>	<b>32</b>
<b>7.0 Litteraturliste .....</b>	<b>34</b>
<b>Vedlegg 1.....</b>	<b>37</b>
<i>Intervjuguide: .....</i>	37

## 1.0 Innleiing

Noreg har lenge hatt mål om å auke talet på studentar som reiser på utveksling.

Internasjonalisering kan vere ein strategi for å styrke nasjonale mål og framgang i ei stadig meir globalisert verd (St.meld.nr. 14, 2008–2009). Målet med internasjonaliseringa i barnehagelærarutdanninga inkluderer å utvikle interkulturell sensitivitet og kompetanse, fremje samanliknande forståing og støtte personlege og profesjonelle danningar. Likevel er det ikkje klart kva verdiar som bør vektleggjast i internasjonale program for å styrke barnehagelæraren sin profesionalitet i møte med mangfald (Birkeland & Ødemotland, 2020, s.58).

Med denne oppgåva ynskjer vi å komme på innsida av profesjonsutøvaren si oppleving av internasjonalisering. Dette gjer vi gjennom konkrete tiltak og verdiar som kan bidra til ei betre tilnærming til internasjonalisering av barnehagelærarutdanninga. Samstundes vil vi belyse korleis slike tiltak kan gagne både profesjonsutøvarar og, ikkje minst, barna dei skal arbeide med. Barn formast moralsk og sosialt av livet i barnehagen, enten vi vil det eller ei (Birkeland & Ødemotland, 2020, s.58). *Barn er tross alt barn, uavhengig av kultur*, sa eit av våre intervjuobjekt. Dette sitatet er ein av refleksjonane som har motivert oss til å gå djupare inn i forskinga rundt samanhengen mellom profesjonsutøvarar og internasjonalisering.

### 1.1 Val av tema og problemstilling

Valet av temaet tek utgangspunkt i vår eigen erfaring med utveksling. Vi har sjølv opplevd å få ein betydeleg vekst både fagleg og personleg. Dette har inspirert oss til å utforske nærmere korleis slike erfaringar kan forme og påverke profesjonsutøvarar i barnehagesektoren. Med dette som bakteppe har vi kome fram til følgjande problemstilling: *korleis påverkar internasjonalisering den kommande profesjonsutøvaren?* Vi ynskjer å få ei betre forståing av korleis internasjonale erfaringar kan styrke både enkeltpersonar og heile sektoren. Det blir peika på at koplinga mellom internasjonalisering og kvalitet sjeldan blir dokumentert eller grundig forklart, dette kjem fram i fleire politiske dokument (Flobakk-Sitter, Hybertsen, 2021, s.194). Dette indikerer også at forståinga av omgrepet kvalitet og kva dette omfattar, varierer. Det er behov for grundigare dokumentasjon på korleis internasjonalisering og studentmobilitet kan auke den akademiske kvaliteten og læringsutbytta. Vi ynskjer å bidra til ei betre forståing av samanhengen mellom internasjonalisering, kvalitet og utdanning (Flobakk-Sitter, Hybertsen, 2021, s.195).

Internasjonalisering dreiar seg om flyt av varer og tenester over landegrenser (Bungum et. al, 2015, s.14). I denne oppgåva tek internasjonalisering sikte på utvekslingsopphold som studentar har gjennomført siste året i barnehagelærarstudiet. Under prosessen med å formulere beste moglege problemstilling, opp mot ynskja kraft og presisering landa vi på omgrepet internasjonalisering. Vi ser på det som at utveksling er sjølve turen og opphaldet, medan internasjonalisering inkluderar mykje meir. Internasjonalisering er utveksling av idear, kunnskap, varer og tenester mellom nasjonar over etablerte landegrenser. Når det kjem til utdanning vil internasjonalisering vere ein vidare prosess som inkluderer ein aukande grad av globalt fokus og integrasjon i ein organisasjon eller samfunn (St. Meld 6 2008-2009, s.6). Noko som vi meiner er sentralt i ei verd der landegrenser blir kortare og eit samfunn der mangfaldet stadig aukar.

Valet om å nytte omgrepet profesjonsutøvar botnar i utdjupingsfaget *Kulturforståing og Interkulturell Pedagogikk*, der profesjonen var eit stort fokus. Å bli barnehagelærar er mykje meir enn å berre ta ei utdanning, det dreier seg om å dannast til ein profesjon. Dei nasjonale retningslinjene gir ein peikepinn på at barnehagelærarutdanninga skal bidra til studentane danningsprosess, personleg vekst og utvikling (Hennum & Østrem, 2016, s.9). Dette er noko av grunnen til at vi meiner at internasjonalisering av profesjonsutøvarar er viktig og relevant. Rammeplanen nemnar at ein profesjonsutøvar alltid skal halde seg oppdaterte, samt reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.15). Utdanninga legg sjølve grunnlaget, men den kontinuerlege danningsprosessen som profesjonsutøvar blir barnehagelæraren aldri ferdig med (Hennum & Østrem, 2016, s.9).

## 1.2 Disposisjon av oppgåva

Bacheloroppgåva vår består av seks kapittel. I det første kapittelet gjev vi ei innleiing til leseren der vi presenterer vår problemstilling og forklarer kvifor vi har valt akkurat dette temaet. Vi ynskjer å utforske korleis internasjonalisering påverkar utdanninga og utdanningspraksisen innan barnehagelærarstudiet, og kva verknader dette har for framtidige profesjonsutøvarar. I det andre kapittelet går vi grundig gjennom den teoretiske forankringa for forskinga. Her presenterer vi teori som vi meiner er relevante for å forstå temaet. Vi ser særleg på teori som omhandlar internasjonalisering av utdanning, fleirkulturell pedagogikk, og kompetansebehov i ein stadig meir globalisert verden. Denne teorien vil danne grunnlaget

for funn og drøfting seinare i oppgåva. I det tredje kapittelet presenterer vi forskingsmetoden. Vi forklarar korleis vi har valt å gjennomføre studien, inkludert val av metode og utval av informantar. Vi beskriv også korleis vi har samla inn og analysert funna, og kva kriterium vi har fylgt for å sikre at vår forsking oppfyller høge kvalitetsstandardar. I kapittel fire presenterer vi funn av innsamla data og identifiserer dei viktigaste funna. Vi går i djupna på dei ulike tema som vi har observert og gjev konkrete eksempel og sitat frå informantane for å underbygge våre funn. Når vi kjem til kapittel fem, drøftar vi funna i lys av den teoretiske bakgrunnen som er presentert tidlegare. Vi ynskjer å integrere teori og empiri på ein samanhengande måte, samtidig som vi identifiserer eventuelle svakheiter eller avgrensingar ved vår tilnærming. Og til slutt i kapittel seks, oppsummerer vi hovedfunn og konkluderer med vårt syn på problemstillinga.

## 2.0 Teoretisk forankring

I dette kapittelet skal vi utforske teorien som legg grunnlaget for vår forsking. Ved å gå inn i relevant teori og tidlegare forsking, sökjer vi å etablere ei solid forståing av konteksten og ramma som omgir vårt forskingsspørsmål. Ved ein gjennomgang av nøkkelomgrep, teoretiske perspektiv og relevante studiar, vil vi belyse sentrale tema og perspektiv som vil leie vår tilnærming i denne studien.

### 2.1 Politiske føringer

Gjennom Kvalitetsreforma frå 2003 vedtok Stortinget at alle studentar som ynskjer eit opphold i utlandet i løpet av studiet, skal ha moglegheita til dette (NOU-2003:25). I etterkant av dette forplikta Norge seg til at innan 2020 skulle 20 prosent av studentar som gjennomførte ein høgare grad ha eit studie- eller praksisopphald i utlandet (Meld. st. 7. 2020-2021). No i nyare tid har måla blitt revidert, og dei nye ambisjonane på sikt er at halvparten av alle studentar skal ha eit studie-eller praksisopphald i utlandet. I dei nasjonale retningslinjene for barnehagelærarutdanninga står det at *program planer og undervisning skal bidra til internasjonalisering gjennom praksis i utlandet og integrering av globale og flerkulturelle perspektiver* (Uhr, 2013, s.7).

Når det gjeld kvifor internasjonalisering er viktig, snakkar ein ofte om godar på individnivå. Internasjonalisering kan bidra til personleg vekst og betre studentar sine moglegheitar i

arbeidssamanheng. Den politiske grunngjevinga beveger seg frå individnivå til samfunnsnivå (Flobakk-Sitter, Hybertsen, 2021, s.194-195). *Internasjonalt samarbeid er en forutsetning for å sikre kvalitet i norsk høyere utdanning* (Meld. St. 4, 2018–2019, s. 28). Eit sentralt politisk argument for internasjonalisering av studentar er at det vil auke både kvaliteten på og relevansen til forsking og undervisning. Forsking sprikar noko, men utveksling med kvalitet ser ut til å ha direkte effekt på studenter si utvikling (Meld. St. 7 2020–2021, s.38). Kvaliteten er her eit grunnleggande prinsipp for kvifor høgare utdanningsinstitusjonar skal satse på auka internasjonalisering. Ein gjengangar i stortingsmeldingar er at internasjonalt samarbeid sørger for eit grunnlag for kvalitetsforbetring. I Meld. St. 7 (2020–2021) løftast relevansomgrepet tydelegare fram i samanheng med kvalitet, både med tanke på fagleg relevans av utveksling, men også arbeidslivsrelevansen (Flobakk-Sitter, Hybertsen, 2021, s.194-195). Dei politiske føringane er relevante for vår forsking for å presisere viktigheita og relevansen av internasjonalisering.

### 2.1.1 Barnehagelova og rammeplan

Styringsdokument som barnehagelova og rammeplanen er relevant og viktig fordi barnehagelæraren som profesjonsutøvar i norske barnehagar skal arbeide ut ifrå desse. Barnehagelova stadfestar at barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk tru. *Dette er verdiar som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet.* Verdiane kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og er forankra i menneskerettigheitane (Barnehageloven, 2005, §1). Vidare, under barnehagen sitt innhald, står det at barnehagen skal formidle verdiar og kultur, samt gi rom for barn si eiga kulturskaping. Barnehagen skal også bidra til at alle barn skal oppleve glede og meistring i eit sosiale og kulturelt fellesskap (Barnehageloven, 2005, § 2).

Rammeplanen i seg sjølv nemner ikkje internasjonalisering, i tillegg nemner rammeplanen kun profesjon ein gong (Kunnskapsdepartementet, 2017). Arbeidet i barnehagen skal vere forankra i rammeplanen, difor har den ein sentral del i drøftinga. På tross av at rammeplanen ikkje er opptatt av profesjonsomgrepet, ser vi viktigheita ved å løfte dette fram. Vi nemner blant anna områder som kultur, heilheitleg læring og foreldresamarbeid. I tillegg til barnehagen sitt innhald og formål med sikte på å ivareta barn (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 4-5). Barnehagen sitt verdigrunnlag er også relevant i forhold til å kunne svare på problemstillinga vår. Der står det at å møte individet sine behov for omsorg, tryggleik,

tilhørsel og anerkjenning, samstundes som ein sikrar at barna får delta i og bidra til fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen.

## 2.2 Barnehagelæraren som profesjonsutøvar

Barnehagelærarar er den profesjonen som vert utdanna spesielt for å kunne ivareta barnehagen sine oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.43). Oppgåvene barnehagen gjennomfører skal være i tråd med overordna styringsdokument, blant anna barnehagelova og rammeplanen. Det er utvikla ein modell for å visualisere kva profesjonen dreier seg om. Modellen er illustrert som ein triangel og tek føre seg tre forpliktingar som er gjensidig avhengig av kvarandre; politikken, kunnskapen og etikken (Hennum & Østrem, 2016, s.11). Politikken tek føre seg politisk vedtekne mandat, barnehagelova og forskrifter til loven (Hennum & Østrem, 2016, s.116). Neste forplikting handlar om at barnehagelærar treng kunnskap om blant anna leik, læring, danning og utvikling, samt kunnskap om korleis ein skal formidle og forvalte dette (Hennum & Østrem, 2016, s.13-14). Siste forplikting er etikken, den dreier seg om at barnehagelærarar står overfor etiske problemstillingar som ikkje er vanleg for andre yrker (Hennum & Østrem, 2016, s.67-69). Ein barnehagelærar er etisk forplikta til å halde seg fagleg oppdatert på relevant kunnskap, derfor er profesjonsutøvinga ein kontinuerleg prosess med stadig læring og oppdatering. Dei nasjonale retningslinjene for barnehagelærar presiserer at ein barnehagelærar skal kunne utøve profesjonelt skjønn gjennom å anvende faglege kompetanse. Vidare skal ein reflektere kritisk over profesjonelle og etiske utfordringar knytt til pedagogisk arbeid med barn si utvikling, leik, læring og danning (Hennum & Østrem, 2016). Difor har barnehagelæraren som profesjonsutøvar ein sentral plass i problemstillinga.

## 2.3 Danning

Danning kan forståast som ein prosess, innstilling og openheit til å utfordre seg sjølv til å forstå stadig meir (Bergeren, 2017). Denne danningsprosess kan komme til syne gjennom utveksling, og difor vil denne teorien vere relevant. I rammeplanen blir det understreka at personalet i barnehagen skal fremje danning gjennom å leggje til rette for meiningskapande opplevelingar, støtte identitetsutvikling og den positive sjølvforståinga til barna. Vidare skal personalet også synleggjere og framheve mangfold og ulikskap som grunnlag for opplevelingar, utforsking og læring (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 21). Biesta framhevar

at internasjonalisering av pedagogisk forsking kan vere ein verdifull ressurs for å styrke den pedagogiske praksisen (Biesta, 2013). Han legger vekt på utdanning og delar omgrepene inn i tre funksjonar eller domener av utdanningsformål: kvalifisering, sosialisering og subjektivering (Biesta, 2015).

Kvalifisering dreiar seg om overføring og tileigning av kunnskap, ferdigheter og disposisjonar. Dette er viktig fordi å la barn *gjere* noko, kvalifisera dei. Dette *gjeremålet* kan være spesifikt, til dømes innanfor yrkes- og profesjonsdanning, eller breiare som ein del av allmennutdanning for å førebu barn og unge på livet i vårt moderne samfunn (Biesta, 2015). Vidare dreier utdanning seg om sosialiseringa si dimensjon. Det tek sikte på å representer og introdusere barn og unge for tradisjonar og gjeremåtar som er kulturelle, profesjonelle, politiske og prega av religiøse tradisjonar. Denne dimensjonen er eit delvis uttrykk for målet ved utdanninga og eit godt verktøy å ha i ryggen. Støtta bidrige til å gi forståing for korleis utdanninga rekonstruerer eksisterande sosiale strukturar og ulikheitar. Subjektiveringa omhandlar korleis utdanninga verkar inn på personen. Altså korleis den bidreg til utviklinga av individet som eit sjølvstendig, kritisk og ansvarleg subjekt (Biesta, 2015). I samanheng med internasjonalisering kan vi kople subjektiveringa til å spele ei betydeleg rolle i studentane si oppleveling og utvikling. Gjennom dette utviklar studentane si eiga stemme, identitet og evna til å tenkje kritisk om verda rundt seg (Biesta, 2015).

Biesta argumenterer for at vi som pedagogar må ta ansvar for kva vi ynskjer å oppnå innanfor kvar av desse domenene. Vidare presiserer han at det handlar om meir enn å berre overføre kunnskap. Ved å sjå utdanning på denne måten erkjenner vi at vi alltid må engasjere oss med innhald, tradisjon og person (Biesta, 2015). Når vi engasjerer oss i innhaldet omhandlar dette utføringa av den pedagogiske praksisen. Tradisjonen tek sikte på å engasjere seg i tradisjonar ein finn i kulturar ein møter og korleis ein kan trekke desse inn i det pedagogiske arbeidet. Vidare når vi snakkar om å engasjere oss med personar, dreier dette seg om korleis vi møter andre mennesker med respekt og som likeverdige subjekt uavhengig av kva kulturell bakgrunn ein har.

## 2.4 Erfaringslæring

Mykje av den innsamla dataa går på erfaring, og på bakgrunn av dette er Kolb med sin erfaringsslæringssteori relevant for oss. Kolb kombinerer erfaringsslæringssteori med to hovuddelar. Den eine delen omfattar ein fire-trinns læringssyklus med fire læringsstilar,

medan den andre delen handlar om læringsstilar og dei kognitive prosessane som skjer når studentane tileignar seg kunnskap. Del to fremjar også korleis enkeltpersonar viser forståing og læring ved å anvende abstrakte omgrep til nye situasjonar. Denne teorien gir eit solid grunnlag for læring og utvikling og er særleg relevant for vår forsking, sidan den fokuserer på å gripe og transformere ei oppleveling. Erfaringslæringssyklusen framhevar korleis studentar endrar seg som følgje av erfaring, refleksjon, konseptualisering og eksperimentering. Ifølgje Kolb oppstår læring når individ opplev noko og reflekterer over det (Kolb, 2015).

Konkret erfaring er startpunktet for læringsprosessen, dette omhandlar ein måte å gripe tak i kunnskap på. Kolb hevdar at nøkkelen til læring ligg i engasjementet, og at studentane aktivt må engasjere seg i opplevelinga. Det er ikkje tilstrekkeleg å lese for å tilegne seg ny kunnskap. Studentane får kunnskap ved å observere og lytte til andre sine erfaringar, noko som representerer ein form for sosial læring (Kolb, 2015).

Reflekterande observasjon kjem som eit resultat av konkret erfaring. Dette viser til at etter studentane har engasjert seg i oppgåva eller aktiviteten, bør dei reflektere over opplevelinga. Dei kan stille spørsmål og diskutere opplevelinga med andre, noko som bidrege til at erfaringa vert omgjort til ny informasjon. Her får også studentane erfaring med å samanlikne opplevelinga med tidlegare erfaringar for å identifisere mønster eller forskjellar. Dette hjelper dei med å reflektere over det som kan vere eit sprik mellom deira forståing og sjølve opplevelinga (Kolb, 2015).

Læringsprosessen går så over til abstrakt konseptualisering. Studentane utviklar nye idear eller endrar sin eksisterande forståing basert på refleksjonane frå den reflekterande observasjonen. Dei klassifiserer omgrep og drar konklusjonar basert på hendingane, og vurderer korleis dei nye ideane kan brukast i den verkelege verda. Relevant informasjon er mykje lettare å implementere, når den er knytt til våre liv og kan brukast i praksis. Til slutt kjem vi til aktiv eksperimentering. Studentane testar ut sine nye idear i praksis, og vurderer om det fører til endringar. Ved å eksperimentere med ulike konsept, kan dei lære å knyte saman opplevelingar med nye idear og innovasjonar. Eksperimenteringa fører til nye konkrete erfaringar, som igjen utløyser byrjinga av ein ny syklus (Kolb, 2015).

Læringsstilane i del to er basert på fire-trinns læringssyklusen og utforskar studentane sine indre kognitive prosessar. Desse er faktiske resultat av variablar og vert sett på som to separate val. Dei vert framstilt gjennom to kryssande aksar der den horisontale aksen kallast prosesseringskontinuumet og den vertikale aksen er persepsjonskontinuumet (Kolb, 2015).

Prosesseringskontinuumet beskriv vår kjenslemessige respons eller korleis vi gjer omdanna informasjon til noko meiningsfylt. Studentane vel ulike måtar å prosessere sine erfaringar, enten ved å utføre noko, aktiv eksperimentering, eller observere nok, reflekterande observasjon. Persepsjonskontinuumet, fokuserer derimot på korleis vi nærmar oss ei oppgåve. På dette kontinuumet vel studentar korleis dei skal prosessere informasjonen. Dette kan være gjennom oppleving, konkret erfaring, eller tankar, abstrakt konseptualisering (Kolb, 2015).

## 2.5 Kulturrelativisme

Vi meiner at under arbeid med mangfold og kultur er det lurt å tenkje over haldningar ein har. Som barnehagelærar med kulturrelativistiske haldningar meiner ein at kultur er relativ til den kulturen eller samfunnet ein eksisterer i, og at den kun kan forståast ut frå seg sjølv (Eriksen & Sajjad, 2020, s.48). Etnosentrisme er det motsette av kulturrelativisme, og dreier seg om å sjå verden gjennom vår eiga kulturelle bakgrunn som målestokk for kva som er bra eller mindre bra. Som barnehagelærar vil dette forhindre vår kulturelle brubygging. Dersom vi sett våre verdiar, normer og forståingar som fasit vil ein ha ein snever forståingshorisont, og dette vil gjere arbeidet med forskjellige kulturar vanskelegare (Bergersen, 2017, s.24-25).

For barnehagelærar vil verken ein rein etnosentrisk eller kulturrelativistisk haldning vere ynskjeleg. Dette er på bakgrunn av at ein med etnosentrisk haldning ser seg sjølv i vedkomande ein møter (Eriksen & Sajjad, 2020, s.48). Eit døme på etnosentrisk haldning kan vere når ein barnehagelærar, som har ein dominerande kulturell bakgrunn, automatisk går ut frå at alle barn og foreldre deler same verdiar, tradisjonar og normer som er typiske for deira eige kulturelle miljø. Dette kan føre til misforståingar og manglande evne til kommunikasjon med familiar og barn frå ulike kulturelle bakgrunnar.

Ved ein rein kulturrelativistisk haldning vil det derimot vere vanskeleg å ta moralsk stilling til noko som helst (Eriksen & Sajjad, 2020, s.48). I barnehagesamanheng kan eit døme på ein rein kulturrelativistisk haldning vere når ein barnehagelærar, som trur på kulturreativisme, unnlèt å gripe inn eller ta stilling til situasjonar som inneber konfliktar mellom ulike kulturelle praksisar eller verdiar. Til dømes, om det oppstår ein situasjon der ein familie praktiserer ein kulturell tradisjon som stirr mot barnehagen sine reglar eller generelt aksepterte normer, kan ein barnehagelærar med ein rein kulturrelativistisk haldning velje å ikkje gripe inn eller ta ein aktiv rolle i å løyse situasjonen.

## 2.6 Kulturell brubyggjar

Barnehagelærar har ein unik moglegheit til å fungere som brubyggjar mellom ulike kulturar, vi ser på dette som viktig for ein profesjonsutøvar. Vidare inneber dette å anerkjenne og verdsette mangfaldet blant barn, foreldre og ansatte. Det er viktig å jobbe systematisk med kunnskap om korleis ein kan bygge bruver mellom ulike kulturar. Dette kan inkludere å sjå personale, foreldre og barn frå ulike kulturar som ressurspersonar. Ei balansert tilnærming som fokuserer både på likskap og ulikskapar er nødvendig. Dette kan omfatte å markere kulturelle utrykk som musikk, dans og handverk og gjer desse synlege i barnehagen gjennom heile året. Eit tydeleg leiarskap som styrkar personalets kulturelle kompetanse er viktig for å ivareta ei inkluderande haldning overfor alle barn. Dette understrekar betydninga av kulturell brubygging i barnehagen og korleis det kan bidra til eit rikare og meir inkluderande læringsmiljø for barna (Bergersen, 2017, s.151). I kulturell brubygging handlar det om korleis ein på best måte kan møte den andre på halvvegen for å oppnå effektiv og god kommunikasjon og ei felles forståing. Det blir lagt vekt på å ha tilstrekkeleg kunnskap og innsikt til å vite når det er nødvendig å tilpasse eigen oppførsel for å unngå missnøye. I vår tid er det er det meir vanlig, enn uvanleg å sjå barn frå andre land og kulturar i barnehagen (Birkeland & Ødemotland, 2020, s.63). Uavhengig av om barnehagen er representert med barn eller voksen frå andre kulturar, meiner vi at er kulturell brubygging er noko alle barnehagar skal jobbe med. Interkulturell kompetanse er evna ein har til å tenkje og kommunisere hensiktsmessig i møte med menneskjer som har andre tankesett, samt kommunikasjonsevner enn seg sjølv (Bøhn & Dypedahl, 2017). Ein slik kompetanse kan gjere denne brubygginga lettare.

## 2.7 Kultursensitivitet

Kultursensitiv omsorg omformar omsorgsfulle haldingar til omsorgsfulle handlingar som kan støtte barn sitt mangfaldige potensial. Det handlar om å være merksam, respektere og tilpasse seg ulike kulturar, verdiar og normer. Ein må vere medvitn på at menneskjer har ulike kulturelle bakgrunnar og være open for å lære desse forskjellane. Kultursensitivitet byggjer på ein medvit om at vår syn på omsorg er prega av det sosiokulturelle miljøet ein sjølv har vokse opp i (Zachrisen, 2020, s. 40). Ein kan nærme seg ei forståing av kultursensitiv omsorg ved å skilje mellom estetisk og autentisk omsorg. Estetisk omsorg fokuserer primært på dei pedagogiske aspekta ved omsorg for barn i barnehagen. Dette inneberer at dei ansatte i

barnehagen legg vekt på regelleik og generell læring. På den andre sida vektlegge autentisk omsorg dei menneskelege relasjonane. Omsorgspersonane søker autentiske møter med barna som er prega av gjensidig tillit og respekt mellom omsorgsgivar og omsorgsmottakar. Å byggje tillit mellom to menneskjer er noko som vil ta tid. Ein god start kan være å bli kjend med familiar sine verdiar og liv utanfor barnehagen (Zachrisen, 2020, s. 41). For å gi barn ei oppleving av verdighet er det viktig å møte barnet som eit subjekt. Møte barnet hensynsfullt og vise ekte interesse og ein vilje til å sjå, høre og forstå barnet. Kultursensitivitet er svært viktig i ein mangfaldig og globalisert verd for å fremje inkludering, respekt og likeverd (Zachrisen, 2020, s.87).

## 3.0 Metode

### 3.1 Val av metode

Problemstillinga i vår forsking er: *Korleis påverkar internasjonalisering den kommande profesjonsutøvaren?* Den metodologiske tilnærminga vi har valt for problemstillinga vår er kvalitativ. Kvalitative tilnærmingar tek sikte på sosiale fenomener og gir ei forståing av desse, i vår forsking kjem dette fram i form av studentar som reiser på utveksling (Larsen, 2017).

Blikket rettast mot studentane sine handlingar, og på denne måten har vi fokusert på studentane sine perspektiv fra utveksling (Bergsland & Jæger, 2022, s. 29-30).

Forskningsintervjua er basert på eit subjekt-subjekt-forhold, mellom oss forskrarar og studentar som informantar. I forskningsintervjua er vi orientert mot dei subjektive opplevingane til studentane (Bergsland & Jæger, 2022, s. 28).

Vi har valt å ha ein fenomenologisk tilnærming til informantane for å finne ut korleis internasjonaliseringa har påverka dei som kommande profesjonsutøvarar. Denne tilnærminga let oss dykke djupare inn i deira personlege opplevingar og empirisk kunnskap dei har fått gjennom praksis i andre land. Denne tilnærminga legg også vekt på betydinga av individuelle erfaringar og korleis desse erfaringane konstruerer ei breiare forståing av vår problemstilling (Johannessen, et al., 2016, s. 171). Vi har eit opplevingsfokus der vi får innsikt i internasjonaliseringa gjennom deira perspektiv, kor vi kan jobbe vidare med kva som er felles for informantane i desse opplevingane. Gjennom djupneintervju får informantane som individ uttrykke sine opplevingar og refleksjonar.

### 3.2 Val av informantar

For å velje ut informantane til forskinga vår, starta vi med eit skjønnsmessig utval og tok kontakt med barnehagelærarstudentar vi allereie visste hadde hatt internasjonal erfaring gjennom utvekslingsprogram. Vidare gjekk vi over i snøballmetoden som er ein form for ikkje –sannsynsutval, når intervjuobjekt anbefalte oss å ta kontakt med klassekameratar som også hadde vore på utveksling (Larsen, 2017). Slik kom vi då i kontakt med fleire informantar som både hadde vore på same utveksling, men også utveksling til andre land. Sidan kjønn og alder ikkje har nokon betydning for vår forsking så gjorde vi skjønnsmessige val ut frå kvar desse personane hadde vore på utveksling. Dette var for å få meir varierte intervjuobjekt på grunnlag av at vi ville ha eit breiare internasjonaliseringsblikk ut ifrå geografiske punkt (Larsen, 2017, ss. 90-91). Dette resulterte i at vi hadde to intervjuobjekt med utveksling i Afrika, to intervjuobjekt med utveksling i USA og eit intervjuobjekt med utveksling i Danmark.

### 3.3 Datainnsamling

Med bakgrunn i problemstillinga vår er eit opent spørsmål har vi gjennomført semistrukturerte djupneintervju. Denne typen intervju tillèt opne svar og gir oss høve til å stille oppfølgingsspørsmål for å dykke djupare inn i informantanes åtferd, handlingar, verdiar, erfaringar og opplevingar. Før intervjeta utvikla vi ein intervjuguide som reflekterte våre forskingsspørsmål rundt påverkinga av det å reise på utveksling, men som også var fleksibel nok til å tilpasse seg den naturlege flyten i samtalens. Ved at informantane fekk moglegheit til å snakke fritt og ta opp ting dei sjølv såg på som viktige, kan fleire relevante og potensielt viktige tilføyinger kome opp gjennom bruk av eigne ord om opplevinga og haldninga. (Larsen, 2017, s. 100). Gjennom intervjeta var tre av oss tilstades, ein stilte spørsmål og observerte informanten sitt kroppsspråk medan dei andre noterte ned det som vart sagt.

### 3.4 Bearbeiding og analyse av data

Informasjonen vi samla inn gjennom intervjeta noterte vi ned i eit dokument. Her noterte vi også ned små kommentarar, uthavingar og beskrivingar fortløpende, til dømes at eit intervjuobjekt smilte mens dei fortalte om erfaringar (Larsen, 2017). Etter at alle intervjeta var gjennomført fordelte vi intervjeta mellom oss for å reinskrive dei. I reinskrivinga reduserte vi datamengda, altså fjerna den informasjonen som ikkje var relevant for vår problemstilling.

Målet med analysen var å identifisere essensen av internasjonaliseringa, altså kva som kom fram i intervjuet som vi såg på som relevant for vår forsking på internasjonalisering. Vidare analyserte vi svara frå intervjuobjekta og samanlikna dei med kvarandre i lys av kva vi tenkte var relevant for forskinga vår. Gjennom analysen oppdaga vi mønster som var gjennomgåande i fleire av informantane opplevingar, desse funna tok vi så med vidare i arbeidet med problemstillinga og temaet vårt om korleis internasjonalisering påverkar pedagogisk praksis i barnehagar. I ettertid delte vi funna våre inn i fire kategoriar som vi presenterer i kapittel fire (Larsen, 2017).

### 3.5 Etiske omsyn

Etiske omsyn vi har tatt under vårt arbeid er å ikkje lagre private personopplysningar og vi viste respekt ovanfor intervjuobjekta. I tillegg sikra vi deltakarane sin identitet og sørga for at personlege opplysningar var konfidensielle gjennom heile forskinga. Informasjonen vart lagra sikkert, kun forskingsteamet hadde tilgang til dataopplysningane. Materialar som kunne identifisere enkeltpersonar vart anonymisert. I tillegg til dette vart alle deltakarar informert om kva vi ville bruke informasjonen frå intervjuet til, slik at dei var klar over kva dei samtykka til. På denne måten sikra vi at intervjuobjekta var fullstendig klar over formålet med studiet og kva deltakinga innebar (Larsen, 2017, s. 84 – 92). Under intervjuet fekk vi vite at dei som hadde vore på utveksling i Danmark ikkje hadde hatt praksis i barnehagar der. Desse intervjuet vart difor irrelevante for vår problemstilling og vi valte å fjerne intervjuet frå oppgåva.

### 3.6 Refleksjon over metodens avgrensingar

Desse kvalitative tilnærmingane tillèt ei djuptgående forståing av internasjonalisering innan pedagogisk arbeid, men den kjem også med avgrensingar. Utvalet av informantar er ikkje nødvendigvis representativt for alle studentar som har vore på utveksling, og våre funn kan derfor ikkje generaliserast. Likevel tilbyr desse innsikta verdifulle perspektiv på potensielle fordelar og utfordringar ved korleis internasjonalisering påverkar kommande profesjonsutøvarar.

### 3.7 Reliabilitet og validitet

Vi valde å ikkje bruke lydopptak under innsamling av datamateriale på grunnlag av at alle tre var til stades under alle intervjuer. På denne måten sikra vi likevel god reliabilitet ved at to konsentrerte seg om å notere, og ein tok seg av å intervju informantane. Ved å intervju studentar som har vore på utvekslingspraksis, vart datane vi samla inn validert i forhold til problemstillinga vår (Larsen, 2017). Vidare var validiteten også grunnen til at vi måtte legge til side eit av intervjuer. Her hadde ikkje vedkommande praksis under utvekslingsopphaldet.

## 4.0 Funn

Her presenterer vi funna ut i frå dei sju spørsmåla i intervjuguiden, sjå vedlegg ein. Svara frå informantane hadde nokre fellestrek. Vi har difor delt resultata inn i fire kategoriar, for å representera ei samla forståing. Den første kategorien omhandlar kulturell kompetanse og mangfald. Andre kategori dreier seg om fagleg vekst, medan den tredje tek føre seg personleg vekst. Siste kategori handlar om korleis erfaringane og kunnskapen kan nyttast i vidare profesjonsutøving. Vi har valt å vise delar av funna gjennom utdrag frå datamaterialet. Desse utdraga er markert med kursiv.

### 4.1 Kulturell kompetanse og mangfald

Det kan tyde på at eit utvekslingsopphald gir studentar ein unik moglegheit til å utforske ulike kulturar og mangfald. *Då eg leste emneplanen, så var det eigentleg det valfaget som virka mest interessant og bli med på fordi eg tenkte at å sjå korleis ein anna kultur arbeidar med barn på kunne vere lærerikt. Dette kan hjelpe meg i ein norsk barnehage med tanke på endringar som skjer i verden.*

I intervjuet beskriv studentane korleis dei har opplevd forskjellar i pedagogiske tilnærmingar mellom det landet dei har besøkt samanlikna med Noreg. Alle har fått ulike og unike erfaringar med korleis barnehagepraksisen under deira utvekslingsopphald var annleis enn den norske praksisen. Til spørsmål tre under intervjuet svarte ein av informantane som har vore på utveksling i Afrika: *Korleis skal ein voksen ha styr på så mange barn utan hard disiplin? Hadde vore kaos i Norge med ei så stor barnegruppe.* Til same spørsmål svarte ein informant som var i USA: *Barna begynte ikkje å diskutere og krangle med dei vaksne då dei*

*skulle gå over til ein annan vaksenstyrt aktivitet, noko som eg sjølv har opplevd mykje i Noreg.* Studentane med utveksling i USA delte refleksjonar rundt sine erfaringar med barnehagemiljøet der, det var større fokus på strukturerte læringsaktivitetar. Vidare påpeikar studentane at dei har blitt utfordra til å reflektere over sine eigne kulturelle syn og fordommar. Ein av informantane innrømmer at vedkomande hadde visse forventingar før reisa til Afrika, men vart positivt overraska då realiteten vart ein annan. Vidare i intervjuguiden ønska vi å belyse givande augeblikk. Her svarte ein av informantane: *barn er barn uansett kva kultur.* Informantane fekk i forkant beskjed frå lærarane om å ikkje gripe inn i situasjonar der praksisen ikkje gjekk overeins med deira eigne meininger om kva som er rett og gale. Dei var nøydd til å være opne og lytte godt til både barna og personalet i barnehagane, for å tilpasse seg deira kultur og verdiar. Det kan sjå ut som at dette styrka studentane som kommande profesjonsutøvarar. Blant anna evna til å *sjå ting frå ulike perspektiv og vere open for nye måtar å jobbe på.*

## 4.2 Fagleg vekst gjennom utveksling

Gjennom internasjonalisering har studentane vore innom ulike kulturar og barnehagemiljø. Det kan sjå ut som at den pedagogiske praksisen i andre land gav dei ei djupare forståing av den interkulturelle pedagogikken enn dei hadde fått av kun praksisopphald i Noreg. Blant anna sa ein av informantane med eit opphold i USA: *Eg har i stor grad tileigna meg ny kunnskap innanfor interkulturell pedagogikk.* Utvekslingsopphaldet har gitt dei mogelegheita til å integrere interkulturell pedagogikk i deira framtidige arbeid. Det kan tyde på at dei har fått eit breiare syn på barn sin leik og læring, og nye impulsar dei kan ta med vidare i arbeidet som kommande profesjonsutøvarar. Sjølv studentane som reiste på utveksling til same land, satt igjen med ulik fagleg kompetanse. Til dømes opplevde ein av dei som reiste til Afrika at utvekslingsprogrammet gav ho ei ny forståing av læring og kultur. *Å vere ein del av eit samfunn eg ikkje kjente til, gav meg nye perspektiv på barn sine evner og ulike oppvekstmiljø.* I tillegg vart ho også meir medviten over forskjellane i disiplinære tilnærmingar mellom kulturar, noko som førte til ein refleksjon rundt omgropa disiplin og respekt.

For ein annan student som reiste til Afrika: *handla den faglege utviklinga i større grad om minoritetsstatus og samfunnsstrukturar.* Denne førstehandserfaringa gir han mogelegheita til å utvikle ei djupare forståing for ulikheitar og behovet for interkulturell pedagogikk. I intervjuet då vi spurte om den faglege veksten uttalte han: *...har hatt sterkt fagleg vekst knytt*

*til teoribasert kunnskap som globalisering, mangfald og livssyn.* I tillegg fortel han at utvekslinga styrka hans ferdigheitar i konflikthandtering, som han vidare ville nytte i sitt arbeid i barnehage.

Gjennom internasjonaliseringa kan det sjå ut som at alle studentane har utvikla seg fagleg. Dei har fått moglegheita til å sjå barn og barndom frå andre kulturelle perspektiv samanlikna med det norske, reflektert over eigne erfaringar i ulik praksis og utforska nye pedagogiske tilnærmingar. Ein av studentane som reiste til USA nemner at ho fekk ei ny forståing av korleis læring vert prioritert og strukturert. Ho reflekterte over likheita mellom amerikanske barnehagar og med norske førsteklassar. Gjennom observasjonar peika ho på: *pultar, skulebøker og den generelle klasseromskjensla og fokuset på akademisk læring.* I tillegg viser ho til at leik vart brukt som pauseaktivitet mellom voksen styrte aktivitetar.

#### 4.3. Personleg vekst gjennom utveksling

Gjennom transkriberinga av intervjeta har det kome fram at alle informantane har hatt personleg vekst. Studentane fortel at utvekslingsprogramma har hatt ei djupare innverknad på dei enn dei trudde: *i etterkant av opphaldet har eg opplevd at det å sjå tilbake på praksisen i utlandet har hjelpt meg i vanskelege situasjonar i arbeidskvarldagen og inspirert meg til nye måtar å jobbe med barn på.* Erfaringane deira gir innblikk i korleis ei slik oppleveling kan bidra til personleg vekst. Ein av informantane fortel at *han har mykje større tolmod for ulike typar åtferd, større respekt og forståing for andre sitt syn. Eg er og litt meir komfortabel med å bruke erfaringane mine frå utvekslinga, og dele desse med andre i barnehagen.*

Gjennom utvekslingsprogrammet har studenten som var i Afrika sett framgang i kommunikasjonsevnene sine. Dette kom fram i spørsmål fem, der svara informanten: *Ein ting som alle leiarar snakkar om å bli betre på er vel kommunikasjon, det er ein ting eg også har hatt personleg og fagleg vekst innan.* Han uttrykkjer å ha fått eit positivt inntrykk av korleis ein kan bearbeide og jobbe med utfordringane på.

Ein annan informant seier at utvekslingsprogrammet var ein moglegheit til å utfordre seg sjølv. *Det virka litt skummelt... Eg hadde tusen forventningar og er generelt veldig redd for ting, men jo meir eg tenkte på det konkluderte eg med at eg måtte hoppe i det.* Ho fortel vidare at *utvekslinga har bidrige til å styrke sjølvtilitina hennar og gjort det lettare å utfordre seg sjølv i ettertid.* Personleg har eg blitt tryggare på meg sjølv som profesjonsutøvar. Eit

anna intervjuobjekt med utveksling i USA, uttrykker under intervjuet at dei mest givande augeblikka for ho var knytt til observasjonar rundt barn sin nysgjerrigkeit og glede uavhengig av kulturelle forskjellar. Studenten uttrykte at det som satt djupast er at: *barn er barn, rett og slett. Vi vaksne er meir ein faktor som bestemmer kva dei skal få gjere i kvardagen*. Vidare fortel ho at ho sitter igjen med refleksjonar over at norske barnehagar gjerne er meir opne for frileik.

#### 4.4 Overføring av kunnskap til praksis

Spørsmål fem i intervjugiden baserer seg på implementering, altså om intervjuobjekta har tatt med seg noko frå utvekslinga vidare. Responsen vi fekk frå alle intervjuobjekta speglar ei tydeleg implementering frå utanlandsopphald inn i deira noverande praksis. Det kom fram at objekta vektla denne implementeringa på forskjellige vis. Nokon av intervjuobjekta refererte til spesifikke element, som å leggje større vekt på strukturerte læringsstiltak eller å ta i bruk nyvunnen kunnskap om språk og kultur frå utvekslinga. Eit av intervjuobjekta sa: *Eg trur det hadde vore ganske lærerikt å lære barna litt av språket til urbefolkinga i Minnesota, i alle fall enkle ord og omgrep. Og lære barn at det finst andre språk generelt*. Ein annan informant delte: *selvfølgelig har eg jo gjort det! Mesteparten av implementeringa går på perspektiv og framgangsmåte. Akkurat korleis er litt vanskeleg å formulere, en må nesten leve det for å skjonne det*. Denne implementeringa omfatta både fagleg kunnskap og erfaringsbaserte tilnærmingar. Informantane delte at desse tilnærmingane har vore med på å styrke deira pedagogiske metode og skape eit meir mangfaldig læringsmiljø for barna dei arbeider med. Andre delar av implementeringa deira dreia seg om erfaringar og haldninga dei no nyttar i den daglege pedagogiske praksisen. Vidare uttrykka ein informant korleis utvekslingsoppholdet har inspirert ho til å endre og tilpasse sin praksis for å imøtekomm det aukande mangfaldet i barnehagesektoren, dette var blant annet gjennom *å arbeide med samhaldet i gruppa og temaet vennskap*. Det kan sjå ut som at studentane har utvikla ei djupare forståing for deira eigne handlingar og ein vilje til å utfordre sine eigne tilnærmingar.

Eit av intervjuobjekta var spesielt medviten over viktigheita av å ikkje sjå ned på andre kulturar, likevel reflekterte ho over situasjonar der ho var ueinig i korleis kulturen handterte disiplin. Ho samanlikna deira kultur for fysisk straffing opp mot mental straffing i Noreg. *Vi klaskar på ein anna måte i Norge. Vi har ein meir mental straff som påverkar barna på psykiske måtar, som kanskje kan få barna til å tenke at no bryr ikkje den vaksne seg om meg*

*lengre.* Sjølv om ho var ho ueinig med deira måte å disciplinere barna, reflekterte ho rundt at vi ikkje er perfekte i Norge heller.

## 5.0 Drøfting av funn

I dei kommande avsnitta skal vi drøfte funn opp mot teorien vi alt har presentert i 2. kapittel. Gjennom vår forsking har vi undersøkt korleis utvekslingsopphald kan påverke studentar som kommande profesjonsutøvarar.

*Sjølv sagt er det feil å slå ungane, men korleis kan en vaksen ha kontroll over 40 barn aleine utan hard disiplin? I Noreg setter vi jo barn i hjørnet eller tar dei vekk frå matbordet om dei ikkje oppfører seg. Dei vert ekskludert frå fellesskapet og utsett for ein meir mental straff enn fysisk.* Dette er ein av refleksjonane som eit av intervjuobjekta hadde etter sin utveksling. Utvekslinga har gitt eit unikt rom for refleksjon som ikkje kan oppstå på andre måtar enn gjennom erfaringa, dette ser vi i likhet med Kolb sin erfaringslæringsteori (Kolb, 2015). Ein kan gjerne seie at gjennom utveksling blir ein utfordra til å tenke utanfor sine eigne rammer og verdiar, og ser gjerne teorien i eit nytt perspektiv.

### 5.1. Korleis internasjonalisering aukar kulturell kompetanse og kunnskap om mangfald

#### 5.1.1 Auka kulturell kompetanse gjennom politikk og erfaringslæring

Barnehagelova skildrar at barnehagen skal formidle verdiar og kultur, samstundes som dei gir rom for barn si eiga kulturskaping. Vidare skal barnehagen bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap (Barnehageloven, 2005, § 2).

Utvekslingsopphald gir studentar ein unik moglegheit til å utforske ulike kulturar og mangfald på ein djupare og meir autentisk måte enn tradisjonell undervisning tillèt. Vi ser dette igjen i eit av sitata frå intervjuobjekta: *Utveksling er ein fin måte å oppleve at det finst fleire kulturar på. Det å vere i praksis i ein ny kultur, i forhold til å berre lese om det. Og då blir det lettare å ta det med tilbake til barnehagen når du har opplevd det, og ikkje berre lest om det.*

Studentane beskriv korleis dei har opplevd forskjellar i pedagogiske tilnærmingar mellom det landet dei har besøkt samanlikna med Noreg. På den eine sida har dei fått ulike og unike erfaringar med korleis barnehagepraksisen under deira utvekslingsopphald var annleis enn den norske praksisen. På den andre sida har studentane som reiste til Afrika like observasjonar rundt at det var ein tydeleg struktur og autoritet i barnehagemiljøet, dette var også eit tema som kom opp i intervjuet med studentane som hadde vore i USA. Her kan vi trekke parallellear mot konkret erfaring i erfaringslæringa til Kolb. Dette er ein måte å gripe tak i kunnskap på og er startpunktet for denne erfaringslæringprosessen (Kolb, 2015). Han hevdar at nøkkelen til læring ligg i engasjementet, og at studentane aktivt må engasjere seg i opplevelinga. Det er ikkje tilstrekkeleg å lese for å tilegne seg ny kunnskap. Studentane får kunnskap gjennom å observere og lytte til andre sine erfaringar som også har vore med dei gjennom opplevelinga. Dette vert ein form for sosial læring, då dei delar sine perspektiv og personlege tolkingar. Her kan vi sjå at studentane gjekk over i den reflekterande observasjonsfasen av erfaringslæringa (Kolb, 2015).

Dei delte refleksjonar rundt sine erfaringar av barnehagemiljøet med kvarandre, og gjennom dette klarte dei å sette ord på det dei hadde sett. Til dømes sa ein studenten at ho observerte at det var mindre leik i USA enn i Noreg. Gjennom å reflektere med andre fekk ho meir fagomgrep og kunne då seie at det var eit større fokus på læring og strukturerete læringsaktivitetar enn i norske barnehagar der det er meir fokus på heilheitleg læring (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.7). Samla sett bidrog desse ulike tilnærmingane til barn si læring og til å utvide studentane si forståing for mangfaldet i ulike pedagogiske praksisar i barnehagar på tvers av landegrenser. Vidare vart studentane utfordra til å reflektere over sine eigne kulturelle syn og fordommar. På grunnlag av at studentane har engasjert seg under oppgåva eller aktiviteten, for så å reflektere over opplevelinga, kan dei stille spørsmål og diskutere opplevelinga med andre. Dette fører til at erfaringa vert omgjort til ny informasjon. Her får også studentane erfaring og vert utfordra til å samanlikne opplevelingane med tidlegare erfaringar for å identifisere mønster og forskjellar (Kolb, 2015). Dette hjelper studentane med å reflektere over spriket mellom deira forståing og sjølve utvekslinga. Med dette meiner vi forståinga dei hadde av den pedagogiske praksisen i forkant av internasjonaliseringa, opp mot det dei lærte i praksisen under utvekslinga.

### 5.1.2 Kulturell brubyggjar

Gjennom internasjonale utvekslingar får studentar og lærarar høve til å lære om og forstå ulike pedagogiske tilnærmingar, praksisar og verdiar som er grunnleggjande i ulike kulturar. Dette fremjar ikkje berre auka kulturell forståing, men også evna til å samhandle effektivt med ei mangfaldig befolkning (Bergersen, 2017). Til dømes, når studentar deler sine erfaringar frå barnehagar i ulike land, kan dei leggje merke til skilnader i tilnærmingar til barn si læring og utvikling. Dette kan utvide eins forståing av mangfaldet i barneoppdraging og pedagogisk praksis, og bidra til å forme ei meir inkluderande tilnærming til barneomsorg, ved å motvirke følelsen av framandgjering og utanforskap (Zachrisen, 2020, s.41).

I vår tid er det meir vanleg, enn uvanleg å sjå barn frå andre land og kulturar i barnehagen (Birkeland & Ødemotland, 2020, s.63). På bakgrunn av dette er det viktig med profesjonsutøvarar som kan vere eit bindeledd mellom dei mange etnisitetane ein kan møte i barnehagen. Dette kan inkludere å sjå personale, foreldre og barn frå ulike kulturar som ressurspersonar. Til dømes har studentane gjennom opphaldet i ein annan kultur, fått ny kunnskap og erfaring om korleis ein kan ta i bruk kulturelle uttrykk. Ved å ta i bruk verkemiddel som musikk, dans og enkle ord og uttrykk blir denne brubygginga noko meir synleg. Ved å inkludere personale, foreldre og barn frå ulike kulturar som ressurspersonar, kan ein utvide barnehagen sin kunnskap og kompetanse om mangfald. Dette ser vi i likhet med foreldresamarbeid som også kjem fram i rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7).

Det er viktig å jobbe systematisk med kunnskap om korleis ein kan bygge bruver mellom ulike kulturar. Ei balansert tilnærming som fokuserer både på likskap og ulikskap er nødvendig. Dette kan omfatte å markere tydeleg leiarskap som styrkar personalet sin kulturelle kompetanse og er viktig for å ivareta ei inkluderande haldning overfor alle barn. Dette understrekar betydninga av kulturell brubygging i barnehagen og korleis det kan bidra til eit rikare og meir inkluderande læringsmiljø for barna (Bergersen, 2017, s.151). Det blir lagt vekt på å ha tilstrekkeleg kunnskap og innsikt til å vite når det er nødvendig å tilpasse eigen oppførsel for å unngå misnøye.

### 5.1.3 Kulturrelativisme og kulturell sensitivitet

Studentane kjem tettare på andre kulturar og gjennom intervjua kan vi tydeleg sjå at dei har tileigna seg kulturell kunnskap på ein meir autentisk måte, framfor klasseromsundervisning.

Autentisk omsorg vektlegg dei menneskelege relasjonane. Nokre av studentane innrømmer at dei hadde visse fordommar før dei reiste til Afrika, men vart positivt overraska då realiteten vart ein annan (Zachrisen, 2020, s. 41). Dette kan tyde på noko som understrekar viktigheita av å være open for nye perspektiv og utfordre eins eigne førestillingar om andre kulturar. Dette kan gjerne tyde på at studentane var prega av å være meir etnosentriske i forkant av reisa. Desse forventingane var gjerne basert på eigen kultur og fordommar mot det ukjende. Til tross for dette vart studentane positivt overraska over at det ikkje var slik som dei hadde sett føre seg. Om dei derimot hadde vore meir kulturrelativistiske i forkant, hadde kultursjokket kanskje vore mindre (Bergersen, 2017). Ein annan viktig lærdom gjennom utvekslingsoppholdet er at studentane fekk moglegheita til å sjå barndom og barnehagepraksis frå eit nytt perspektiv. At barn er barn uavhengig av kulturen, og at den vaksne sin tilnærming i stor grad bestemmer korleis barnehagekvardagen vert forma. Dette understrekar betydinga av å ha eit heilheitleg syn på barn og barndom som går over kulturelle grenser.

Vi ser at studentane fekk konkret erfaring med betydinga av kulturell sensitivitet og fleksibilitet i pedagogisk praksis. Det å vere klar over eigen kulturell bakgrunn og verdiar, men også å forstå korleis desse kan påverke eins forventingar og tilnærmingar til pedagogikk i ulike kulturelle kontekstar. I møtet mellom studentane sin kultur og ein annan kultur vart dei nøydd til å forhalde seg til kulturreativisme. Her måtte dei anerkjenne at kulturen er relativ til det samfunnet dei eksisterer i, og at kulturen då kun kan forståast ut frå seg sjølv (Eriksen & Sajjad, 2020). Samstundes måtte dei unngå å bli for prega av etnosentrisme (Bergersen, 2017). Dei var nøydd til å være opne og lytte godt til både barna og personalet i barnehagane for å tilpasse seg deira kultur og deira verdiar for å unngå å påtvinge dei sine eigne verdiar. Det var essensielt for studentane å ta vare på balansen mellom kulturrelativistisk og etnosentrisk for å kunne tilpasse seg og samarbeide effektivt med barn og personalet. Dette styrka igjen studentane som kommande profesjonsutøvarar med evna til å tilpasse seg og respektere ulike kulturelle perspektiv i sitt framtidige arbeid som barnehagelærarar. Alt i alt, gjennom denne typen internasjonalisering med praksisopphald, vart studentane utfordra til å observere og tilpasse seg ulike kulturelle forskjellar i pedagogisk praksis.

## 5.2 Korleis kan utveksling gir fagleg vekst

### 5.2.1 Internasjonalisering med kvalitet

Vi har tidlegare nemt at kvalitet og relevanse er eit sentralt omgrep når ein argumentrar for kvifor internasjonalisering av studentar er nyttig. Likevel er det ikkje tydeleg kva som ligg i denne kvaliteten. I nyare stortingsmeldingar blir relevansomgrepet løfta tydelegare fram i samanheng med kvalitet med tanke på den faglege veksten (Meld. St. 4, 2018–2019 & Meld. St. 7 2020–2021) Gjennom internasjonalisering har studentane vore innom ulike kulturar og barnehagemiljø. Studentar som hadde utvekslingsopphaldet i USA peikar på at den faglege veksten er stor, og at dei har tileigna seg ny kunnskap innanfor interkulturell pedagogikk. Utvekslingsopphaldet påverka studentane si evne til å integrere interkulturell pedagogikk i deira framtidige arbeid. Ved å ha erfart forskjellar i kjensler, tankar og åtferd har studentane vidareutvikla ein interkulturell kompetanse (Bergersen, 2017). Ein av informantane delte at denne kompetansen ikkje alltid kjem til syne, men kjem fram litt og litt ettersom at vedkommande befinn seg i relaterte situasjonar. Kompetansen studentane har fått gjennom interkulturell pedagogikk kan gjennspegle seg i arbeidet med språkleg og kulturelt mangfold, samt når det gjeld å støtte barna sine ulike kulturelle uttrykk og identitetar (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.48). Som følgje av dette ser vi døme på kvaliteten regjerings ynskjer å oppnå gjennom internasjonaliseringa informantane har gjennomført.

### 5.2.2 Kultursensitivitet

Dei har fått eit breiare syn på barns leik og læring, og nye impulsar dei kan ta med i arbeidet med kritisk pedagogikk som kommande profesjonsutøvarar i barnehagen. Sjølv studentane som reiste til same stad, hadde forskjellige opplevingar. Det som likevel er felles, er møtet med ein ny kultur. Ein av studentane fekk oppleve korleis det var å vere ein minoritet. Nokon vil nok seie at dette går på personleg vekst, vi ser derimot også fagleg vekst. Blant anna fordi kultursensitivitet dreier seg om korleis ein forheld seg til mennesker med ulike kulturelle bakgrunnar. Ein viktig del av kultursensitivitet er også å vere merksam på og kjempe imot eventuelle kulturelle barrierar som kan hindre barn si deltaking og moglegheiter for læring. Ved å anerkjenne og verdsette mangfaldet blant barn og deira familiær skapar ein eit inkluderande og trygt læringsmiljø for alle barn (Zachrisen, 2020). Kultursensitivitet handlar om korleis ein forheld seg til menneske med ulike kulturelle bakgrunnar, noko som vert lettare å praktisere når ein har erfart det sjølv. Til dømes opplevde ein student som var på utveksling til Afrika ei djupare forståing av både læring og kultur. Å vere ein del av ein annan samfunnskontekst gav ho nye perspektiv på barn sine evner og ulike oppvekstmiljø. Gjennom

aktivitetar med barna i Afrika har studentane utvikla kompetanse til å støtte opp under barn med ulike kulturell bakgrunn. Ved å tilpasse seg barna i andre kulturar har dei vidareutvikla sin kultursensitivitet.

### 5.2.3 Kulturell brubygger

Gjennom utveksling har intervjuobjekta utvikla ein djupare forståing for ulikheitar og behovet for interkulturell pedagogikk, vi ser dette i samanheng med det å være kulturell brubyggjar. I spørsmål fem under intervjuet spurte vi om den faglege veksten, då uttalte eit av objekta: *Eg har hatt sterkt fagleg vekst knytt til teoribasert kunnskap om globalisering, mangfold og livssyn*. Han har fått erfare eit samfunn basert på verdiar rundt gjensidig hjelp, noko som forma synet hans på barndom og læring. I tillegg styrka utvekslinga hans ferdigheitar i konflikthåndtering, som han vidare ville nytte i sitt arbeid i barnehage. Dette er noko studenten har blitt utfordra på. Som kulturell brubyggjar vert det vektlagt å ha tilstrekkeleg med kunnskap og innsikt til å vite når det er nødvendig å tilpasse eigen oppførsel for å unngå misnøye og konfliktar (Bergersen, 2017). Vidare uttalte eit anna intervjuobjekt seg, *på den eine sida har eg tileigna meg ny kunnskap innanfor interkulturell pedagogikk, på den andre sida har eg også sett denne pedagogikken bli nytta i praksis*. På dette viset har ho utvikla ein fagleg vekst, og auka sin kompetanse som kulturell brubygger.

### 5.2.4 Danning

Gjennom internasjonaliseringa kan det sjå ut som at alle studentane har utvikla seg fagleg. Dei har fått moglegheita til å sjå barn og barndom i andre kulturelle perspektiv opp mot det norske, reflektert over eigne erfaringar i ulik praksis og utforska nye pedagogiske tilnærmingar. Ein av studentane som reiste til USA nemner at ho fekk ein ny forståing av korleis læring vert prioritert og strukturert gjennom å samanlikne praksisen med tidlegare erfaringar i Norge. Ho reflekterte over likheitar mellom amerikanske barnehagar og samanlikna det med ein norsk førsteklasse. Gjennom observasjonar peika ho på: *pultar, skulebøker og den generelle klasseromsfølelsen og fokuset på akademisk læring*. I tillegg til leik som pause mellom voksenstyrte aktivitetar. Her kan vi vise til Kolb sin erfaringslæringsteori der han sjølv framhevar at ein lærer gjennom å gjere (Kolb, 2015).

Dette ser vi henger i saman med danningsperspektivet til Biesta (2015). Studentane kvalifiserar seg til danning gjennom internasjonaliseringa. Dei har tileigna seg kunnskap og ferdigheitar som har auka deira faglege kompetanse. Denne faglege kompetansen overfører dei vidare inn i profesjonsdanninga for å førebu barn og unge på livet i vårt moderne samfunn. Gjennom internasjonalisering kan studentane introdusere barn og unge for kulturelle tradisjonar og gjeremåtar. Denne dimensjonen er eit delvis uttrykk for målet ved utdanninga og eit godt verktøy å ha i ryggen for profesjonsutøvaren sin pedagogiske praksis.

Biesta argumenterer vidare for at vi som pedagogar må ta ansvar for kva vi ønskjer å oppnå innanfor kvar av domenene: kvalifisering, sosialisering og subjektivering. Ved å sjå utdanning på denne måten erkjenner vi at vi alltid må engasjere oss med innhald, tradisjon og person. I forhold til den personlege veksten ser vi på korleis utdanninga verkar direkte inn på personen, gjennom negative og positive sider.

### 5.3. Korleis utveksling gir personleg vekst

#### 5.3.1 Erfaringslæringen sin plass i den personlege veksten

Vi meiner personleg vekst og erfaring går hand i hand. I forhald til den personlege veksten ser vi korleis utdanninga verkar direkte inn på personen. Subjektiveringa til Biesta (2015) ser vi i samanheng med Kolb sin erfaringslæringsteori (Kolb, 2015). Sjølv om den personlege veksten er individuell, ser vi likhetar mellom intervjuobjektane si personlege vekst. Internasjonaliseringa har påverka studentane meir enn dei hadde forventa i forkant av utvekslingsopphaldet. På den eine sida har dei konkret førstehandserfaring som er startpunktet for erfaringslæringssyklusen. Gjennom erfaring og refleksjon, under og etter utvekslinga, har studentane tatt med seg verktøy som kan hjelpe dei i utfordrande situasjonar i arbeidskvarden.

På den andre sida har dei opplevd nye verdiar, eit nytt fellesskap og nye kulturar. På grunnlag av dette har dei fått nye knaggar å feste kunnskapen på i arbeidet med barnehagen sitt verdigrunnnlag. Kunnskap som er eit av prinsippa i profesjons trekanten, er med på å forme dei vidare i profesjonsutøvinga. Dette kan bidra til personleg vekst og betre studentar sine moglegheitar i arbeidssamanheng. Det politiske argumentet beveger seg frå individnivå til samfunnsnivå. Både den faglege og personlege veksten kan vere større enn ein trur. Uansett

kva ein opplev, vil det vere erfaringar som både er gode og mindre gode. Dette kan vi legge merke til gjennom abstrakt konseptualisering (Kolb, 2015). Det vil seie at når studentane utviklar nye idear eller endrar si eksisterande forståing basert på refleksjonar over det dei har opplevd. Dei klarer å sjå for seg ulike situasjonar og vidare vurdere korleis dei nye ideane kan brukast i den verkelege verda. Relevant informasjon er mykje lettare å forstå, då den er knytt til våre liv og kan brukast i praksis. Dette ser vi i likhet med domenet subjektivering, frå utdanningssynet til Biesta (2015). Det omhandlar utviklinga av individet som eit sjølvstendig, kritisk og ansvarleg subjekt. På utvekslingspraksis vert studentane gjennom refleksjonar og abstrakt konseptualisering utfordra til å utvikle si eiga stemme og tenkje kritisk til verda rundt seg. På denne måten spelar subjektiveringa ei betydeleg rolle i internasjonalisering av studentar.

Vidare ser vi også personleg vekst i samanheng med den eine læringsstilen i teorien til Kolb. Her sikter vi inn mot prosesseringskontinuumet som handlar om den kjenslemessige responsen og korleis ein sjølv omdanna informasjon til noko meiningsfylt (Kolb, 2015). Studentane vel ulike måtar å prosessere sine erfaringar, gjennom blant annet å vere meir opne for andre slik som eit intervjuobjekt fortel at han vart.

### 5.3.2 Kulturrelativisme

Kulturrelativisme dreier seg om haldningar og handlingar i samanheng med kultur (Eriksen & Sajjad, 2020). Eit av intervjuobjekta fortalte at ho var noko redd og tilbakehalden før utvekslinga starta, i tillegg til å kjenne på nokre fordommer. Vi ser dette i samanheng med at vedkommande var prega av etnosentriske haldningar. Desse haldningane kan gjere det vanskeleg å ta moralske val, dette kan påverke ein som profesjonsutøvar. Derimot så auka respekten og forståinga for andre sitt syn, på denne måten vart ho meir kulturrelativistisk som følge av utvekslinga (Bergeresen, 2017). Ved å ta del i internasjonaliseringa, vart ho meir komfortabel med å utfordre seg sjølv når det gjeld å bevege seg ut av komfortsona. Vidare fortel ho at utvekslinga har bidrige til å styrke sjølvtilleit hennar i arbeidet som profesjonsutøvar.

Også erfaringane deira gir eit innblikk i korleis ei slik oppleveling kan bidra til personleg vekst. Ein av informantane sit igjen med større tolmod overfor ulike typar åtferd, samt auka respekt og forståing for andre sine perspektiv. Intervjuobjekta føler seg meir komfortable med å dele erfaringane sine frå utvekslingsoppholdet og bruke dei som ressursar i barnehagen. Dette vil

vi seie er noko som understrekar viktigheita av å være open for nye perspektiv og utfordre eins eigne førestillingar om andre kulturar. Vidare ser vi at denne type internasjonalisering kan auke den interkulturelle kompetansen og evna til å samarbeide med menneske frå ulike kulturelle bakgrunnar, noko som er ei verdifull ferdighet i vårt stadig meir mangfaldige samfunn i Noreg.

### 5.3.3 Profesjonsutøving

Som profesjonsutøvar i barnehage står ein overfor brei variasjon av etiske problemstillingar som ikkje er typisk i andre yrker, for eksempel å sikre at alle barn føler seg inkludert og respektert, samtidig som ein fremjar mangfald og toleranse. Profesjondanning er ein kontinuerleg prosess med fokus på stadig læring og oppdatering (Hennum & Østrem, 2016). Som følgje av utvekslinga har studentane tileigna seg ny kulturforståing. Som vi har sett ovanfor (sjå kapittel 2.3), er profesjonen tredelt. Samfunnsmandatet er eit av prinsippa i profesjonsutøvelse. Samstundes reflekterer eit av intervjuobjekta over at norske barnehagar gjerne er meir opne for frileik, samt *at vi vaksne er meir ein faktor som bestemmer kva barna skal få gjere i kvardagen*. På bakgrunn av dette har studentane fått eit større repertoar av aktivitetar som dei kan nytte seg av i arbeidet med rammeplanen. Vidare har studentane utvikla ei anna side ved profesjonstrekanten. Gjennom å samanlikne dei forskjellig kulturane og ikkje minst oppleve det fysisk, har dette gjort at ho er blitt meir rusta til å stå ovanfor etiske problemstillingar som komande profesjonsutøvar. Sist men ikkje minst har vi kunnskapen. Studentane har fått breiare kunnskap på barnehagearbeidet, samt blitt meir medvitne over si eiga rolle som pedagogar (Hennum & Østrem, 2016). I tillegg har dei hatt personleg vekst i form av å utvikle sine kommunikasjonsevner, *ein ting som alle leiarar snakkar om er å bli betre på er vel kommunikasjon, det er ein ting eg også har hatt personleg og fagleg vekst innan*. Å ha utvikla betre kommunikasjonsevne er også noko som styrkar studentar som profesjonsutøvarar i barnehagen.

## 5.4. Erfaring og implementert kunnskap gjennom utveksling

### 5.4.1 Erfaringslæringsteori

Responsen vi fekk frå intervjuobjekta, på spørsmål seks, viser at alle studentane har implementert noko frå internasjonaliseringa i kvardagen sin. På den ein sida ser vi samanheng med den eine leiarstilen i Kolb sin erfaringslæringsteori, persepsjonskontinuumet. Denne leiarstilen handlar om korleis ein vel å nærme seg ei oppgåve og vidare tileignar seg informasjonen i etterkant av ein erfaring (Kolb, 2015). Denne leiarstilen har ein av informantane uttrykt konkret erfaring med gjennom spørsmål seks i interjuguiden: *Eg trur det hadde vore ganske lærerikt å lære barna litt av språket til urbefolkninga i Minnesota, i alle fall enkle ord og omgrep. Å læra barn at det finst andre språk generelt.* Vidare ser vi at studenten har blitt inspirert til å teste nye idear i praksis. Ved eksperimentering me ulike konsept lærer studentane å knyte saman opplevingar med nye idear og blir dermed meir innovative. Desse konkrete erfaringa utløyser byrjinga av ei ny erfaringslæringssyklus (Kolb, 2015). På den andre sida ser vi at studentane har erfart ny tilnærming på korleis ein møter individ med ulik kulturell bakgrunn. Dette understrekar betydninga av å ha eit heilheitleg syn på barn og barndom som går over kulturelle grenser.

### 5.4.2 Kulturell brubygger

Vidare uttrykka ein informant korleis utvekslingsoppholdet har inspirert ho til å endre og tilpassa sin praksis for å imøtekomme det aukande mangfaldet i barnehagesektoren. Ho vart blant anna inspirert til å *arbeide med samhaldet i gruppa og temaet vennskap.* Barnehagen sitt verdigrunnlag ligg forankra i studentane, og hennar refleksjonar gjenspeglar akkurat dette. Vi ser likheitar mellom studentane sine opplevingar og barnehagelova. Denne tek sikte på at barnehagen skal formidle verdiar og kultur, samt gi rom for barn si eiga kulturskaping. Ved å møte barn som individ og sjå deira behov for omsorg og anerkjening, kan ein sikre at barna får delta i og bidra til fellesskapet (Barnehagelova, 2005, §1). Eit sånt arbeid binder barnehagen si verksemد med barn si trivsel og utvikling.

### 5.4.3 Profesjonsdanning

Under utvekslingsopphalda har studentane observert ein annan kultur. Gjennom dette skjer kulturtileigning, både medviten og umedviten. Dette belyste ein av informantane for oss. På

spørsmål seks, under intervjuet, uttalte vedkommande seg om korleis implementeringa hans har teke form. *Selvfølgeleg har eg jo gjort det! Mesteparten av implementeringa går på perspektiv og framgangsmåte. Akkurat korleis er litt vanskeleg å formulere, en må nesten leve det for å skjonne det.* Vi ser på dette sitatet litt todelt. Noko av det informanten implementerte var medvitent og planlagt, medan andre delar av implementeringa, som haldninga, kan umedvitent vere med på å forme informanten vidare i si profesjonsdanning.

Derimot er det også naturlig at ein reflekterer kring ting ein ikkje vil nytte seg av vidare. Dette gjorde ein av informantane våre, ho observerte noko som strida med Noreg sit syn på barn og barndom. *Vi klaskar på ein anna måte i Norge, vi har ei meir mental straff som påverkar barna på psykiske måtar som kanskje kan få barna til å tenke at no bryr ikkje den vaksne seg om meg lengre.* Likevel var ho medviten på viktigheita av å ikkje vere for etnosentrisk ved å sjå ned på andre kulturar. Her kjem balansen mellom det å være etnosentrisk og kulturrelativistisk inn i arbeidet som profesjonsutøvar. Ein kan vere ueinig med noko i anna kultur samstundes som ein respekterer kulturen (Eriksen & Sajjad, 2020) Profesjonsetikken kan variere frå person til person, og frå kultur til kultur. Gjennom møte med ulike kulturar under utvekslingsopphald møter ein forskjellige profesjonsetiske problemstillinger, desse er med på å forme informantane vidare i si profesjonsdanning.

## 6.0 Konklusjon

Gjennom utveksling og internasjonalisering har studentane fått moglegheit til å utforske nye pedagogiske tilnærmingar, reflektere over eksisterande praksistar og sjansen til å utvide deira forståing for barn og barndom. Vi har undersøkt korleis internasjonalisering påverkar studentar som kommande profesjonsutøvarar. Basert på teorien har vi drøfta funna frå intervju med blant anna fokus på erfaringslæringsteori, Barnehagelova, og prinsippa rundt kulturreativisme og kulturell sensitivitet. Funna viser at internasjonalisering gjennom utvekslingsopphald gir studentar unike mogleheter for både fagleg og personleg vekst, noko som bidrar til å forme dei som framtidige profesjonsutøvarar i barnehagesektoren.

Internasjonalisering har vist seg å vere eit viktig verkemiddel for å auke kulturell kompetanse og forståing for mangfold. Studentane fekk gjennom utvekslingspraksis konkret erfaring med ulike pedagogiske tilnærmingar og praksistar, som igjen har gitt dei breiare perspektiv på barn og barnehagekvardagen. Gjennom observasjonar og refleksjonar ser vi at studentane har tileigna seg kunnskap på ein måte som ikkje er mogleg gjennom kun teoretisk undervisning.

Dette samsvarar med Kolb sin erfaringslæringsteori, der læring gjennom praksis og refleksjon er sentralt. Når studentane engasjera seg aktivt i opplevingar og reflekterer over desse, blir erfaringane omforma til ny kunnskap som kan brukast i deira framtidige profesjonsutøving.

Utvekslingsopphalda har også fremja kulturell sensitivitet blant studentane. Ved å bli eksponert for ulike kulturar og pedagogiske praksisar, lærer studentane å sjå verdiar og normer i eit nytt lys. Dette hjelper dei med å utvikle eit meir nyansert og respektfullt syn på ulike oppvekstmiljø og læringskontekstar. Refleksjonar frå studentane viser at dei har blitt meir medvitne om sine eigne fordommar og førestillingar. Vidare har dei utvikla større evne til å møte barn og kollegaer frå andre kulturar med openheit og respekt. Dette er i tråd med kulturrelativisme, som understrekar tydinga av å forstå og respektere ulike kulturar på deira eigne premissar.

Ein annan sentral faktor som kjem fram i forskinga, er korleis internasjonalisering bidrar til fagleg vekst. Gjennom utvekslingsopphald har studentane fått moglegheit til å observere og delta i ulike pedagogiske tilnærmingar, noko som bidreg i deira profesjonsdanning.

Studentane delar at dei har tileigna seg ny kunnskap innanfor interkulturell pedagogikk, som dei ser som verdifull i deira framtidige arbeid. Dei har også fått innsikt i korleis ulike barnehagesystem fungerer, noko som gjer dei betre rusta til å møte utfordringar knytt til mangfald og inkludering i norske barnehagar. I Stortingsmeldingar kjem det fram at Stortinget ynskjer å auke internasjonaliseringa. Vi har tidlegare nemnt at eit grunnleggjande argument for internasjonalisering er kvalitet. Funna våre speglar at studentane har hatt kvalitet under deira praksisopphald, som samsvarar med regjeringa sitt mål om at internasjonalisering skal bidra til både kvalitet og relevans i utdanninga.

Samla sett viser funna våre at internasjonalisering gjennom utvekslingsopphald har ein positiv og omfattande påverknad på studentane som kommande profesjonsutøvarar. Dei får ikkje berre auka fagleg kompetanse og kulturell forståing, men utviklar også viktige personlege eigenskapar som gjer dei betre rusta til å møte dei komplekse og mangfaldige behova i barnehagesektoren. Gjennom aktiv deltaking i ulike kulturelle kontekstar, refleksjon over eigne og andre sine verdiar, og praktisk erfaring med ulike pedagogiske praksisar, blir studentane godt førebudde til å bli dyktige og inkluderande profesjonsutøvarar.

## 7.0 Litteraturliste

Barnehagelova. (2005) Barnehagens formål og innhold (LOV-2005-06-17-64) Lovdata.  
[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL\\_1#KAPITTEL\\_1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_1#KAPITTEL_1)

Bergersen, A. (2017). *Global forståelse: Barnehagelæreren som kulturell brobygger.* Fagbokforlaget.

Biesta, G. (2013). *Å snakke “pedagogikk” til “education”: Internasjonalisering og problemet med konseptuell hegemoni i studiet av pedagogikk.* Norsk Pedagogisk Tidsskrift, (s.172-184).

<https://www.idunn.no/doi/epdf/10.18261/ISSN1504-2987-2013-03-02>

Biesta, J. J, G. (2015). *Good Education in an Age of Measurement: Ethics, Politics, Democracy.* Routledge

Birkeland, Å & Ødemotland, S. (2020). *Barnehagelæreren som verdsborger?* L. T. Grindheim & G. Aaserud (Red.). *Barnehagelæreren: en verdibygger.* (s.55-69). Fagbokforlaget.

Bugnum, B., Forseth, U. & Kvande, E. 2015. *Den norske modellen: Internasjonalisering som utfordring og vitalisering.* Fagbokforlaget

Bøhn, H. & Dypedahl, M. 2017. *Veien til interkulturell kompetanse.* Fagbokforlaget

Eriksen, T. H. & Sajjad, T. A. (2020). *Kulturforskjeller i praksis : perspektiver på det flerkulturelle Norge.* Gyldendal.

Flobakk-Sitter, F. & Hybertsen, I. D. (2021). *Internasjonalisering av høyere utdanning – Hvordan imøtekommer den politiske agendaen den pedagogiske dimensjonen?* Uniped, 44(3)

Hennum, B. A & Østrem, S. (2016) *Barnehagelæreren som profesjonsutøver.* Cappelen Damm Akademisk.

Johannessen, A., Tufte, P.A., & Christoffersen, L. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*, 5. utgave. Abstrakt forlag.

Kolb, D. A. (2015). *Experiential learning : experience as the source of learning and development*. (2.utg). Pearson FT Press.

Larsen, A. K. (2017). *En enklere metode – veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*, (2. utg). Fagbokforlaget

Meld. St. 4 (2018–2019).Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2019–2028.Kunnskapsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/9aa4570407c34d4cb3744d7acd632654/no/pdfs/stm201820190004000dddpdfs.pdf>

Meld. St.14 (2008–2009).Internasjonalisering av utdanning. Kunnskapsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/a0f91ffae0d74d76bdf3a9567b61ad3f/no/pdfs/stm200820090014000dddpdfs.pdf>

Meld. St. 7 (2020–2021).*En verden full av muligheter–Internasjonal studentmobilitet i høyereutdanning*. Kunnskapsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/3e623f4c93b04cbcadc289224d06de84/no/pdfs/stm202020210007000dddpdfs.pdf>

NOU 2003: 25. (2003). *Ny lov om universiteter og høyskoler*. Utdannings- og forskningsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/ab6cb779c684449da38abed9e1974410/no/pdfs/nou200320030025000dddpdfs.pdf>

Uhr. (2012). *Nasjonale retningslinjer for barnehagelærerstudenter*.

[https://www.uhr.no/\\_f/p1/i8dd41933-bff1-433c-a82c-2110165de29d/blu-nasjonale-retningslinjer-ferdig-godkjent.pdf](https://www.uhr.no/_f/p1/i8dd41933-bff1-433c-a82c-2110165de29d/blu-nasjonale-retningslinjer-ferdig-godkjent.pdf)

Utdanningsdirektoratet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Innhold og oppgaver*.

<https://www.udir.no/contentassets/7c4387bb50314f33b828789ed767329e/rammeplan-for-barnehagen---bokmal-pdf.pdf>

Solbue, W. & Helleve, I. (2016). *Kompetanse versus forpliktelser i interkulturell dialog med utgangspunkt i en 1.klasse på vidargående skole* F. B. Børhaug & I. Helleve (Red.). *Interkulturell pedagogikk som motkraft: i ein monokulturell praksis*. (s.31-43). *Fagbokforlaget*.

Zachrisen, B. (2020). *Omsorg i en kulturell kontekst: kultursensitiv omsorg i barnehagen*. Universitetsforlaget.

# Vedlegg 1

Intervjuguide:

Formålet:

Formålet med intervjeta er å hente informasjon som kan hjelpe oss å svare på problemstillinga *korleis påverkar internasjonalisering den komande barnehagelæraren?*. Vi ynskjer derfor å intervju studentar som tidlegare har vore på utveksling. Ved å nytte seg av intervjuguide sikrar me at alle objekta får same spørsmål og dermed at strukturen blir nok lunde likt. Intervjuguiden gjere også oss som intervjuuarar tryggare på rolla vår, og hevar dermed kvaliteten og profesjonaliteten.

Framgangsmåte:

Startar med å introdusere oss sjølv og intervjuobjekt presentera seg sjølv. Vidare presentera me problemstillinga, og formålet med intervjetet. Ynskjer også å minne intervjuobjektet på at me ikkje tek med nokre personopplysningar, og at alt vedkommande seier vil bli anonymisert under transkriberinga. Dersom spørsmåla er for opne eller ikkje tydlege nok, vil det komme endringar undervegs og eventuelle oppfølgingsspørsmål.

1. Kvifor valde du å delta i eit utvekslingsprogram, og kva var forventingane dine før du reiste?
2. Korleis opplevde du å vera på utveksling som barnehagelærar, kan du beskrive litt generelt korleis det var?
3. Korleis påverka utvekslinga ditt syn og perspektiv på barn og barndom?
4. Kva var dei mest givande augneblikka eller erfaringane du hadde under utvekslinga?
5. I kva grad vil du seie at utvekslingsopplevelinga di har bidrege til fagleg og personleg vekst?

6. Har du implementert noko av det du lærte under utvekslinga i den noverande praksisen din som barnehagelærar? Viss ja, kva og korleis?
7. Kva vil du seie til andre barnehagelærarar studentar som vurderer å delta i eit utvekslingsprogram? Har du nokre råd til dei?
8. Tilslutt, har du noko på hjarta som du ikkje er blitt spurt om?